



# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## Kontrakt


**Kontrakten gjeld: Innkjøp av 1-3 filmsnuttar/teaser**

**Kontrakt mellom:**

Hordaland fylkeskommune  
(heretter kalla oppdragsgjevar)

og

Apeland AS  
(heretter kalla leverandør)

<p>For oppdragsgjevaren: Bergen, 19.02.2015</p>  <hr/> <p>Rolf Rosenlund Nestleiar</p>	<p>For leverandøren: Blommenholm, 25.02.2015</p>  <hr/> <p>Rolf Gjertviksten Viseadministrerende direktør</p>
---	---

Det er skriven ut 2 eksemplar av denne kontrakten. Oppdragsgjevar og Leverandør har kvar motteke 1 eksemplar.

## GENERELT

Kontrakten er dette avtaledokumentet og dei Alminnelege innkjøpsvilkår for tenester.

## FORMÅLET MED KONTRAKTEN

Kontrakten skal dekkje det oppdragsgjevaren treng av tenester som omtalt i førespurnaden.

Formålet med kontrakten er å regulere rettar og plikter til partane i samband med kjøp av tenestene.

## AVTALEN GJELD I TIDSRUMMET

Avtalen gjeld frå kontraktinngåing til innhaldet i kontrakten er levert, den 07. April 2015.

## OMFANG

Leveransen skal vere i samsvar med kontrakten og

Vedlegg 1: Oppdragsgjevar sin kravspesifikasjon i førespurnaden

Vedlegg 2: Leverandør sitt tilbud

Dokumenta er lista opp i prioritert rekkefølge.

## PRIS- OG BETALINGSVILKÅR

Det er avtalt følgjande pris for oppdraget: 160 000,- NOK (eks. MVA)

Betalingsvilkår går fram av dei Alminnelege innkjøpsvilkår for tenester punkt 2. Dette utgjør oppdragsgjevar sine fulle og heile pris- og betalingsvilkår etter denne kontrakten.

## KONTAKTPERSONAR

Oppdragsgjevar sin kontaktperson for kontrakten er:

Namn:	Gunhild Raddum
e-post:	Gunhild.raddum@hfk.no
Telefon:	55239354
Postadresse:	PB 7900, 5020 BERGEN

Leverandør sin kontaktperson for kontrakten er:

Namn:	Per-Olav Lie
e-post:	per-olav@apeland.no
Telefon:	91885009
Postadresse:	Skjolden 1, 1363 Høvik

## FAKTURERING

HFK har innført eit elektronisk fakturasystem. Leverandøren skal levere elektronisk faktura. Leverandøren skal sende elektronisk faktura via meldingsformidlar/aksesspunkt. For generell info om elektronisk faktura, sjå [www.anskaffelser.no/e-handel/faktura/om-elektronisk-faktura](http://www.anskaffelser.no/e-handel/faktura/om-elektronisk-faktura).

Kontaktperson for etablering av elektronisk faktura er:  
 Helge Flatebø, e-post: [helge.johan.flatebo@hfk.no](mailto:helge.johan.flatebo@hfk.no)  
 Telefon: 55239038

### Nærare informasjon om elektronisk faktura

Format: E2B eller EHF. Vi ønsker IKKJE faktura som vedlegg til E-post (PDF).

Sending via meldingsformidlar/aksesspunkt	Sending via banknett
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Efakturaadresse <b>NO938626367</b>	Efakturald <b>DNBANOKKNEX-NO6715021036460</b>
<b>Feltbeskrivelse XML</b> /InvoiceHeader/Buyer inneholde LocationId: <LocationId> <b>NO938626367</b> </LocationId>	

1. Når du skal sende første reelle efaktura, vennlig informer din kontaktperson hos Hordaland fylkeskommune først.

Kontaktperson: Helge Flatebø, tlf 55239038

e-post: [helge.johan.flatebo@hfk.no](mailto:helge.johan.flatebo@hfk.no)

2. Hordaland fylkeskommune nyttar kontraktnummer/rekvisisjonsnummer for automatisk matching av dine fakturaer mot kontrakt/rekvisisjon. Det er derfor viktig at du inkluderer kontraktnummeret/rekvisisjonsnummer på fakturaen om dette er tilgjengeleg.

3. Hordaland fylkeskommune nyttar ordrenummer (IO-nummer) for automatisk matching av dine fakturaer mot sendte ordre. Det er derfor viktig at du inkluderer ordrenummeret på fakturaen om dette er tilgjengeleg.

Dersom opplyst skal ordrenummeret leggst i følgjande XML-felt (jf. punkt 3)	/ Interchange / Invoice / InvoiceHeader / InvoiceReferences / BuyersOrderNumber Eksempel: <BuyersOrderNumber> <b>IO-060145</b> </BuyersOrderNumber>
---	---

4. Hordaland fylkeskommune nyttar ressursnummer/kundes referanse for automatisk flyt av dine fakturaer til riktig mottakar. Det er derfor viktig at du inkluderer ressursnummer på fakturaen om dette er tilgjengeleg.

### Ressursnummer som skal nyttast: 300112 (Gunhild Raddum)

Kundes referanse <b>Ressursnummer SKAL oppgjevast av den som bestiller varen/tenesten</b>	/ Interchange / Invoice / InvoiceHeader / Buyer / Ref[Code='BuyerReference'] / Text
Ressursnr. Skal leggst i feltet: →	Eksempel: <Code>BuyerReference</Code> <Text> <b>130301</b> </Text>
Alternativt kan det leggst i: →	< ContactPerson> <Name> <b>130301</b> </Name>

For at fakturaen skal komme raskt frem til riktig mottakar internt i Hordaland Fylkeskommune er det viktig at enten rekvisisjonsnummer/ordrenummer (pkt. 2 eller 3) eller ressursnummer (pkt.4) er opplyst på fakturaen. Vi treng ikkje begge deler.



Ved avvik mellom ordrebølg og mottatt faktura, skal oppdragsgjever varsle leverandøren om avviket innan betalingsfristen for faktura. Leverandøren skal utan ugrunna opphald rette opp avviket og sende kreditnota til oppdragsgjeveren.

#### Alminnelege innkjøpsvilkår for tenester

- 1 Bruk**
    - 1.1 Disse alminnelege innkjøpsvilkåra gjeld for kjøp av tenester til Hordaland fylkeskommune.
    - 1.2 Leverandøren er den adressaten som bestillinga er stila til og/eller det er inngått avtale med.
    - 1.3 Eventuelle avvikande kontrakts-/leveringsvilkår er utan verknad for leveransen med mindre oppdragsgjeveren skriftleg har godteke dei.
  - 2 Pris og betalingsvilkår**
    - 2.1 Prisen skal vere avtalt på førehand mellom partane. Prisen inkluderer alle kostnader. Prisen skal vere avtalt eksklusive meirverdiavgift.
    - 2.2 Fakturering skal skje etterskotsvis med betaling per 30 dagar. Betalingsfristen startar ikkje å løpa før levering har skjedd og godkjend faktura er motteken.
    - 2.3 Godkjend faktura skal vere spesifisert slik at oppdragsgjeveren kan kontrollere at det som er fakturert, er levert i samsvar med kontrakten. Det blir ikkje akseptert fakturagebyr, purregebyr eller andre gebyr. For fakturering etter tidsbruk skal tidsbruken spesifiserast.
    - 2.4 Ved forseinka betaling kan leverandøren krevje forseinkingsrenter i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling mv.
    - 2.5 Leverandøren kan ikkje overdra fakturaer til tredjemann for innkrevjing utan samtykke frå oppdragsgjeveren på førehand.
  - 3 Levering**
    - 3.1 Levering blir rekna som utført når tenesteytinga er gjennomført i samsvar med det som er avtalt, og oppdragsgjeveren har godkjent leveransen.
    - 3.2 Dersom tenesteytinga består av utgreiings- eller utviklingsoppdrag, reknar ein leveringa som utført først når aktuelle dokument o.l. er overleverte, og oppdragsgjeveren har godkjent dei.
  - 4 Risikoovergang**

Risikoen går over frå leverandøren til oppdragsgjeveren ved levering.
  - 5 Leverandøren sine kontraktplikter**
    - 5.1 Alminnelege plikter
      - 5.1.1 Tenesteytinga skal gjennomførast etter avtalen og skal utførast profesjonelt, effektivt og med høg fagleg standard.
      - 5.1.2 Leverandøren skal samarbeide lojalt med oppdragsgjeveren og ivareta oppdragsgjeveren sine interesser.
    - 5.2 Tenesteytinga sine eigenskapar
      - 5.2.1 Leverandøren skal utføre tenesteytinga i samsvar med kontrakten. Tenesteytinga skal elles vere eigna for det tiltenkte formålet.
      - 5.2.2 Leverandøren er ansvarleg for at utføringa av tenesteytinga skjer i samsvar med gjeldande lovgiving og i samsvar med relevant bransjeregulering og eventuelle andre reglar som kan ha innverknad på utføringa av tenesteytinga. Leverandøren skal innhente og vidareføre alle nødvendige løyve for utføring av tenesteytingar og på oppmoding frå oppdragsgjeveren leggje fram dokumentasjon på at nødvendige løyve finst.
    - 5.3 Garanti
      - 5.3.1 Leverandøren tek på seg ansvar for feil og manglar som måtte bli påviste i dei første 24 månadene etter levering. For deloppdrag reknar ein fristen frå heile tenesteytinga er levert. Garantitida skal likevel ikkje vere kortare enn alminneleg praksis for den aktuelle bransjen. Leverandøren skal i garantitida snarast råd og for eiga rekning rette feil og manglar ved leveransen, slik at han er utan feil og manglar av noko slag.
  - 5.3.2 Føresegna her avgrensar ikkje retten oppdragsgjeveren har til å fremje alminnelege mangelsanksjonar.
  - 5.4 Overføring av rettar, rettsmanglar**
    - 5.4.1 Eigedomsrett, opphavsrett og andre relevante materielle og immaterielle rettar til tenesteytinga tilkjem oppdragsgjeveren når betaling har skjedd, med mindre anna er skriftleg avtalt, og med dei avgrensingar som følgjer av annan avtale eller ufråvikeleg lov.
    - 5.4.2 Leverandøren skal levere tenesta fri for tredjemannskrav som ikkje er omtalte i avtalen, og skal halde oppdragsgjeveren skadefri for alle former for tredjemannskrav.
    - 5.4.3 Leverandøren har rettane til eigne verktøy og metodegrunnlag. Begge partane kan òg utnytte generell kunnskap (*knowhow*) som ikkje er underlagd teieplikt, og som dei har tileigna seg i samband med tenesteytinga.
  - 5.5 Overføring av dokument  
Der tenesteytinga er representert ved dokument, skal desse dokumenta leverast saman med tenesteytinga.
  - 5.6 Underleverandørar  
Med mindre anna er avtalt mellom partane, kan leverandøren nytte underleverandørar til å oppfylle pliktene sine etter kontrakten. Leverandøren er likevel ansvarleg for å oppfylle heile leveransen. Oppdragsgjeveren har rett til å underkjenne valet av underleverandør dersom det er sakleg grunn til det.
  - 5.7 Forsikringar  
Leverandør har ansvar for aktuelle forsikringar fram til risikoen går over på oppdragsgjeveren.
  - 5.8 Varslingsplikt  
Blir leverandøren hindra i å oppfylle pliktene sine til rett tid, skal han utan ugrunna opphald melde frå til oppdragsgjeveren om hindringa og kva følgjer det får. Leverandøren skal kunne dokumentere når og korleis slik melding blei gjeven.
- 6 Oppdragsgjeveren sine sanksjonar ved misleghald**
  - 6.1 Reklamasjonsperiode
    - 6.1.1 Dersom oppdragsgjeveren ønskjer å gjere gjeldande misleghaldsverknader, må han gi skriftleg melding til leverandøren om mangelen innan rimeleg tid etter at han oppdaga eller burde ha oppdaga han.
    - 6.1.2 Reklamerer ikkje oppdragsgjeveren innan to – 2 – år etter levering, kan han ikkje seinare gjere mangelen gjeldande. Det gjeld ikkje dersom leverandøren ved garanti eller annan avtale har teke på seg ansvar for manglar i lengre tid.
    - 6.1.3 Oppdragsgjeveren kan uansett gjere mangelen gjeldande dersom leverandøren har opptradd forsettleg, grovt aktaust eller i strid med ærleg framferd og god tru.
  - 6.2 Brot på varslingsplikta  
Dersom oppdragsgjeveren ikkje får slikt varsel som bestemt i pkt. 5.8 innan rimeleg tid etter at leverandøren

- fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, kan han krevje erstatta tap som kunne vore unngått om han hadde fått meldinga i tide.
- 6.3 Tilbakehalding av betaling  
Har oppdragsgjevaren krav som følgje av misleghald frå leverandørens side, kan han halde tilbake så mykje av vederlaget som misleghaldet utgjer av det samla vederlaget.
- 6.4 Dagbot
- 6.4.1 Dersom leverandøren ikkje held fristar som avtalt, ligg det føre forseinking, som gjev grunnlag for dagbot. Ved forseinking byrjar dagbot automatisk å løpe.
- 6.4.2 Dagbota utgjer 1 prosent av vederlaget for den delen av leveransen som blir påverka av forseinkinga, per kvardag forseinkinga varer, avgrensa til tjue – 20 – kvardagar. Dagbota utgjer uansett minimum 1000 kroner per kvardag.
- 6.4.3 Så lenge dagbota går, kan oppdragsgjevar ikkje heve avtalen. Det gjeld ikkje dersom leverandøren eller nokon han svarer for, har opptreidd forsettleg, grovt aktaust eller i strid med ærleg framferd og god tru.
- 6.5 Prisavslag
- 6.5.1 Dersom det tross gjentekne forsøk ikkje har lukkast leverandøren å avhjelpe ein mangel, kan oppdragsgjevar krevje høveleg avslag i kontraktsummen. Prisavslag er kompensasjon for redusert verdi av det leverte, og er uavhengig av eventuell erstatning
- 6.6 Heving
- 6.6.1 Om det ligg føre vesentleg misleghald, kan oppdragsgjevar etter å ha gjeve leverandøren skriftleg varsel og rimeleg frist til å bringe forholdet i orden, heve avtalen med omgåande verknad.
- 6.6.2 Oppdragsgjevar kan heve heile eller deler av avtalen med omgåande verknad dersom ytinga er vesentleg forseinka. Vesentleg forseinking ligg føre når levering ikkje er skjedd når maksimal dagbot er nådd, eller etter utløpet av ein tilleggsfrist dersom den går ut seinare.
- 6.6.3 Dersom misleghaldet er av ein slik art at oppdragsgjevar har lite eller ingen nytte av det leverte kan oppdragsgjevar i samband med heving krevje tilbakebetalt vederlag for timar og eventuelle utgifter som leverandøren har motteke under avtalen, med tillegg av renter, tilsvarande NIBOR pluss 1 (ein) prosent, frå det tidspunkt betaling er skjedd. Elles skal oppdragsgjevar betale for ytingar som var kontraktmessig levert før hevingstidspunktet i den utstrekning oppdragsgjevar kan nytte desse ytingane som føresett.
- 6.7 Erstatning
- 6.7.1 Oppdragsgjevar kan krevje erstatta eit kvart direkte tap som følgjer av forseinking, mangel eller anna misleghald med mindre leverandøren godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skuldast leverandøren.
- 6.7.2 Dagbøter kjem til frådrag i eventuell erstatning for same forseinking.
- 6.8 Erstatningsavgrensing
- 6.8.1 Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast. Som indirekte tap reknast tap som nemnd i kjøpslovens § 67 andre ledd.
- 6.8.2 Erstatningsavgrensingane i denne føresegna gjeld ikkje kostnader ved vanlege tiltak som kompenserer at leveransen er forseinka eller har manglar, og kostnader ved tiltak som avgrensar anna tap enn nemnd over.
- 6.8.3 Samla erstatning i avtaleperioden er avgrensa til eit beløp som svarar til kontraktsummen ekskl. meirverdiavgift eller et avtalt estimat for oppdraget.
- 6.8.4 Desse avgrensingane gjelder likevel ikkje dersom leverandøren eller nokon denne svarar for, har utvist grov aktløyse eller forsett.
- 7 Oppdragsgjevar sine kontraktplikter**
- 7.1 Generelle plikter  
Oppdragsgjevar skal lojalt medverke til at kontrakten blir gjennomført.
- 7.2 Varslingsplikt  
Blir oppdragsgjevar hindra i å oppfylle pliktene sine til rett tid, skal han utan ugrunna opphald gje melding til leverandøren om hindringa og kva følgjer det får. Oppdragsgjevar skal kunne dokumentere når og korleis slik melding blei gitt.
- 8 Leverandøren sine sanksjonar ved misleghald**
- 8.1 Brot på varslingsplikta  
Dersom leverandøren ikkje får slikt varsel som bestemt i pkt. 7.2 innan rimeleg tid etter at oppdragsgjevar fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, kan han krevje erstatta tap som kunne vore unngått om han hadde fått meldinga i tide.
- 8.2 Leverandøren sin tilbakehaldsrett  
Leverandøren kan ikkje halde tilbake ytingar som følgjer av misleghald frå oppdragsgjevar si side. Dette gjeld likevel ikkje dersom misleghaldet er vesentleg.
- 8.3 Erstatning  
Leverandøren kan krevje erstatta eit kvart direkte tap som følgjer av misleghald i samsvar med punkt 7, med mindre oppdragsgjevar kan godtgjere at misleghaldet ikkje skuldast forhold på oppdragsgjevar si side.
- 8.4 Erstatningsavgrensingane i punkt 6.8 gjeld tilsvarande.
- 9 Fritak frå kontraktplikter (force majeure)**
- 9.1 Partane kan få fritak frå sine kontraktplikter etter denne kontrakten i tilfelle der det inntreff hindring utanfor partane sin kontroll som ein ikkje med rimeleg skjønn kunne vente at han skulle ha teke omsyn til på avtaletida, eller skulle ha unngått eller ha overvunne følgjane av i relasjon til oppfyltinga av éin eller fleire kontraktplikter.
- 9.2 Fritak frå kontraktplikter set som vilkår at den råka parten utan ugrunna opphald gjev den andre parten melding om hindringa, og at pliktene difor ikkje gjeld.
- 9.3 Fritaket frå kontraktplikter for den råka parten gjeld så lenge den ekstraordinære situasjonen varer.
- 10 Overføring av rettar og plikter**  
Overføring av kontrakten – eller delar av han – kan berre finne stad etter skriftleg samtykke frå oppdragsgjevaren. Dersom leverandøren fusjonerer eller fisjonerer, har oppdragsgjevar rett til å heve kontrakten med det same.
- 11 Endring, stansing og avbestilling**
- 11.1 Dersom oppdragsgjevar etter at kontrakten er inngått, har behov for å endre krava til yting eller andre føresetnader for avtalen på ein slik måte at karakteren eller omfanget av tenesteytinga blir annleis enn avtalt, kan oppdragsgjevar be om endringsavtale.
- Ved krav om endringar kan leverandøren krevje justeringar i vederlag eller tidsplanar dersom han sannsynleggjer eit grunnlag for slike justeringar. Krav om justert vederlag eller tidsplan må setjast fram seinast samtidig med at leverandøren svarer på oppmodinga frå kjøparen om endringsavtale.
- Oppdragsgjevar kan krevje at tenesteytinga blir redusert eller auka inntil tilsvarande 20 prosent av vederlaget for heile tenesteytinga. Prisen skal i så fall endrast i tråd med reduksjonen eller auka. Leverandøren kan ikkje krevje kompensasjon for slik eventuell reduksjon.



Er partane ueinige om beløpet som skal leggjast til eller trekkjast frå vederlaget, eller andre konsekvensar som følgje av endringa, skal leverandøren likevel setje i verk endringa utan å vente på endeleg løysing av tvisten.

- 11.2 Oppdragsgjevar kan krevje at gjennomføringa av tenesteytinga blir stansa mellombels. Kravet skal setjast fram skriftleg. Det skal opplysast når tenesteytinga skal stansast, og når ho er planlagd teken opp att.

Ved mellombels stans skal oppdragsgjevar erstatte følgjande:

- a) Leverandøren sine dokumenterte kostnader knytt til omdisponering av personell
- b) Andre direkte kostnader som leverandøren blir påført som følgje av stansinga

- 11.3 Oppdragsgjevar kan avbestille tenesteytinga med tretti – 30 – dagars skriftleg varsel. Reduksjon av tenesteytinga på inntil 20 prosent av vederlaget for heile tenesteytinga blir rekna som endring og ikkje avbestilling.

Ved avbestilling før tenesteytinga er fullført, skal oppdragsgjevar betale følgjande:

- a) Det beløpet leverandøren har til gode for allereie utført arbeid
- b) Leverandørens dokumenterte kostnader knytt til omdisponering av personell
- c) Andre direkte kostnader som leverandøren blir påført som følgje av avbestillinga

## 12 Reklame

Leverandøren må innhente førehandsgodkjenning frå oppdragsgjevaren dersom han for reklameformål eller på annan måte ønskjer å gje offentlegheita informasjon om kontrakten ut over å oppgje leveransen som generell referanse.

## 13 Tvistar

Dersom det oppstår tvist om tolkingar eller rettsverknad av vilkåra, skal det søkjast løyst ved forhandlingar. Fører forhandlingane ikkje fram innan avtalt tid, seinast innan fire veker etter det første forhandlingsmøtet, skal dei ordinære domstolane avgjere tvisten. Rettskretsen til oppdragsgjevar er ret vernet. Tvistar som gjeld kontraktsinngåing, -oppfylling og/eller -tolking, skal avgjerast etter norsk rett.

**Hordaland fylkeskommune**

Att.: Gunhild Raddum

P.b. 7900

5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

- 2 MAR 2015

2015/1988-3

**APELAND**

Apeland AS  
Skjolden 1, 1363 Høvik,  
Norway

Tlf: +47 67 56 67 56  
Fax: +47 67 56 67 51  
firmapost@apeland.no  
www.apeland.no  
NO 972 413 550 MVA

**Konkurransen HFK-15-0019**

Vi viser til fylkeskommunens brev av 16.02. og senere mail.

Vi takker for tildelingen, og ser frem til å produsere film for dere.

Vedlagt følger kontrakten i to eksemplarer, signert av oss.

Vi tar kontakt for nærmere diskusjon om gjennomføringen.

Med vennlig hilsen



Per-Olav Lie  
Apeland AS  
per-olav@apeland.no  
Mobil: 91 88 50 09

Blommenholm, 26. februar 2015

**Vedlegg: 2**